



RAPPORT NR. 3 / 2025

Årsrapport for RME 2024

Mai 2025

RME Rapport nr. 3/2025

Årsrapport for RME 2024

Utgjeveav:

Reguleringsmyndigheita for energi

Omslag:

Simon Oldani

Med bidrag frå alle seksjonar i RME.

ISBN:

978-82-410-2476-4

ISSN:

2535-8251

Saksnummer:

202503081

Reguleringsmyndigheten for energi
Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
E-post: rme@nve.no
Internett: www.reguleringsmyndigheten.no

Mai 2025

Innhald

1. Del I: Melding frå leiaren.....	3
2. Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal.....	5
3. Del III: Aktivitetar og resultat i 2024.....	8
3.0 Hovudmål 1 RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem	8
3.1 Delmål 1 Ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden	8
3.2 Delmål 2 Ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa	9
3.3 Delmål 3 Bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa	10
3.4 Delmål 4 Følgje opp den systemansvarlege gjennom utvikling og handheving av reguleringa	12
3.5 Delmål 5 Bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte	13
3.6 Delmål 6 Delta aktivt i regionalt og europeisk regulatorsamarbeid	13
3.7 Særskilde oppgåver.....	14
3.8 Stønad til hushalda for ekstraordinære straumutgifter.....	16
3.9 Forvaltningsretta forsking og utvikling.....	17
3.10 Omtale av ressursbruk	18
4. Del IV: Styring og kontroll.....	18
5. Del V: Vurdering av framtida.....	18
6. Publikasjonslister.....	20
Vedlegg 1: Vedtak om tekniske metodar etter kommisjonsforordningane.....	21

1. Del I: Melding frå leiaren

I årsrapporten for 2024 presenterer vi korleis Reguleringsmyndigheita for energi (RME) har arbeidd for å nå hovudmålet om å fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem, i tråd med tildelingsbrevet frå Energidepartementet.

RME har ansvar for å sikre at aktørane følgjer regelverket som gir like konkurransevilkår i kraftmarknaden og effektiv drift av straumnettet. Som ei uavhengig eining i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), med eige budsjett fastsett av Stortinget, har RME levert ein eigen årsrapport som supplerer årsrapporten til NVE, og som gir ei oversikt over aktivitetane og resultatane våre i 2024. Rekneskapen for RME er inkludert i årsrekneskapen for NVE.

Utvalde hendingar i 2024

Endringar i kraftmarknaden

Den krevjande energi- og sikkerheitssituasjonen i Europa dei siste åra påverkar mål og tiltak innanfor energi-, klima- og industripolitikken. Dette vil truleg forsterke overgangen til meir fornybar kraftproduksjon, og vi vil oppleve større variasjonar i straumprisen, time for time. Presset på dagens marknadsdesign og måten vi regulerer energimarknaden på, har auka. Likevel har det norske marknadsdesignet fungert godt. Situasjonen har ført til auka merksemd på elektrifisering av samfunnet, cybersikkerheit, behov for meir nett og tiltak for raskare tilknytting.

I 2024 har vi arbeidd vidare med oppfølginga av fleire store prosjekt som skal betre og effektivisere kraftsystemet. Vi har samarbeidd med dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene og følgd dei nordiske transmisjonssystemoperatørane (TSO-ane) tett i arbeidet med å implementere flytbasert kapasitetsberekning i Norden, som starta i oktober 2024. Dette var ein viktig milepæl for det nordiske kraftsystemet. I første halvår 2025 planlegg TSO-ane å implementere eit automatisert nordisk mFRR-marknad og 15 minuttss tidsoppløysing i balansemarknadene, intradagmarknaden og døgnmarknaden. Vi vil halde fram med å følgje dette arbeidet tett både på nordisk og på europeisk nivå. Vi har også arbeidd med justering av elmarknadsdesignet på europeisk nivå og deltatt i diskusjonar med andre reguleringsmyndigheiter gjennom NordREG, CEER og ACER.

Digital samhandling og raskare nettilknytting

RME har arbeidd målretta for å setje nettselskapa i betre stand til å samhandle digitalt med kvarandre og med myndigheitene. I 2023 etablerte dei største nettselskapa selskapet ElBits AS for å satse på digital samhandling. Arbeidet vårt med dette, og det strategiske og koordinerande arbeidet i digitaliseringsforumet, har halde fram med auka styrke i 2024. Vi skriv meir om korleis vi arbeider for å styrkje den digitale samhandlinga, i kapittel 3.3 og 3.7.

I tillegg til digital samhandling har vi sett på tiltak for raskare nettilknytting. I 2024 sende vi ei anbefaling til Energidepartementet med tre tiltak for betre utnytting av nettet og raskare tilknytting. Vi foreslo at nettselskapa skal reservere kapasitet til vanleg forbruk, at dei skal informere tydeleg om kva prinsipp dei følgjer når dei vurderer om det er plass i nettet, og at dei skal kunne trekkje tilbake ubrukt kapasitet.

I 2024 har vi også gjort vi to endringar i inntektsreguleringa for å leggje til rette for raskare tilknytingar: Den eine er at nettselskapa får dekt kostnader til tidlege utgreiingar, den andre er at dei får auka inntekter når dei knytter kundar til nettet og leverer auka kapasitet.

Tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden

Energidepartementet har vedtatt fleire tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden. Ei viktig oppgåve for RME i 2024 har vore å følgje opp det eksisterande og det nye regelverket. Vi har gjennomført eit tematisyn med alle kraftleverandørane som sel straum til hushaldningskundar, og varsla brot på regelverket hos 68 av 69 leverandørar.

Vi har også gjort vedtak overfor Statnett om at Elhub skal utvikle eit system for å kontrollere at kundane har samtykt til å byte kraftleverandør eller overta eit målepunkt. Dette arbeidet skal gjerast i samanheng med det nye kravet frå departementet om at kraftleverandørane skal sikre eit digitalt samtykke frå kundane i dei same tilfella. Vi har utforska kva krav som bør stillast til neste generasjons AMS-målarar, og i 2024 har bransjen tatt initiativ til eit større prosjekt om dette som vil gå over fleire år. Vi vil følgje prosjektet tett.

Kompensasjonsordning for høge straumprisar

Vi forvaltar straumstønadsordninga, som skal vare til og med desember 2025. Ordninga inneber at hushalda får delar av straumutgiftene sine tilbakebetalte gjennom nettleiga. Det skal dempe dei økonomiske konsekvensane av høge straumprisar. I 2024 er det utbetalt 3,7 milliardar kroner i straumstønad. Totalt er det utbetalt 46,5 milliardar kroner sidan desember 2021.

Havvind

Regjeringa har store ambisjonar om å utvikle vindkraft til havs i Noreg, og Energidepartementet har gitt oss fleire oppdrag om å vurdere regulatoriske forhold for nett- og marknadsdesign til havs. I 2024 leverte vi ein rapport om kva rolle reguleringsmyndigheita bør spele til havs, og kva problemstillingar som bør vurderast tidleg i utgreiinga og bygginga av havvind. Vi anbefaler at RME blir peikt ut som reguleringsmyndigheit for kraftsystemet til havs, og foreslår tiltak for å sikre at det blir reservert kapasitet til havvind. Vi kjem også med anbefalingar om korleis utgreiingskostnader bør behandlast, og forslag til innhald i konsesjonsvilkår.

2. Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) blei peikt ut av Energidepartementet som reguleringsmyndigheit i samsvar med energilova § 2-3 og naturgasslova § 4 den 1. november 2019. Oppgåvene og ansvarsområda til RME følgjer av energilova og tilhøyrande forskrifter, inkludert forskrift om nettregulering og energimarknaden (NEM). RME skal også utføre oppgåvene som reguleringsmyndigheit for gassmarknaden i Noreg i tråd med naturgasslova og naturgassforskrifta. RME fungerer i samsvar med dei vedtatte lov- og forskriftsendringane som ei eiga og uavhengig eining i NVE med eit eige budsjett fastsett av Stortinget gjennom løyvingssvedtak, jf. kap. 1820, post 26.

RME skal bidra til å nå hovudmålet om å «fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem». Som del i dette arbeidet skal RME sørge for at alle aktørar i kraftbransjen rettar seg etter plikter som følgjer av regelverket. RME skal blant anna

- føre tilsyn og kontroll med ulike sider av verksemda til nettselskapa
- førehands regulere vilkåra nettselskapa har for tilgang og tilkopling til nettet, medrekna tariffane og inntektene til nettselskapa
- fastsetje eller godkjenne metodar knytte til drifta av nettet
- ha kontroll med vilkår for tilgang til grensekryssande infrastruktur

RME skal også sikre at nettselskapa har dei rette insentiva for å auke effektiviteten og fremje marknadsintegrasjon, forsyningssikkerheit og tilhøyrande forskingsverksemd.

RME skal føre kontroll med Statnett som systemoperatør for transmisjonsnettet. Dette inkluderer blant anna å peike ut og sertifisere systemoperatøren, å føre kontroll med systemansvaret og å overvake investeringsplanane til Statnett. RME følgjer også opp handelsløysingar og kapasitetsutnytting på mellomlandsambanda.

RME skal overvake kraftmarknaden. Blant anna skal vi undersøkje korleis kraftmarknaden fungerer, overvake gjennomføringa av effektiv marknadstilgang og velfungerande marknader og bidra til å sikre forbrukarvern. RME handhevar marknadsåttferdsreglane i NEM-forskrifta. Dette inkluderer informasjon og rettleiing, innhenting av data, utvikling av analyseverktøy i tillegg til oppfølging av konkrete saker.

Vidare skal RME føre tilsyn med tilkoplingsplikta til nettselskapa og bidra til å avverje mogleg konkurranseskadeleg kontraktspraksis.


RME skal ha oppgåver knytte til rapportering, publisering, overvaking med meir. Vi skal også føre tilsyn med sikkerheita i avanserte måle- og styringssystem (AMS) og i Elhub.

RME skal ha god oversikt over europeisk regelverksutvikling og forståing av korleis utviklinga påverkar Noreg. Vi skal samarbeide med nasjonale myndigheiter og reguleringsmyndigheiter for energi i andre land og ha kunnskap om og oppfølging av EUs regelverksutvikling på marknadsdesign og systemdrift.

Hovudmålet for RME i 2024 var som tidlegare nemnt å fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem.

RME skal

1. ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden
2. ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa
3. bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa
4. følgje opp den systemansvarlege gjennom å utvikle og handheve reguleringa
5. bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte
6. delta aktivt i regionalt og europeisk regulatorsamarbeid



Figur 1: Organisasjonskart per 31. desember 2024

Talet på utvikling i antal tilsette og årsverk

Tilsette og årsverk	2022	2023	2024
Talet på tilsette i alt	67	68	72
Talet på utførte årsverk	59	61	65

Vi har 74 stillingshjemler og har i 2024 utført 65 årsverk. Talet på tilsette er henta frå statistikken til SSB og er eit gjennomsnitt av alle månadene i året. Talet på utførte årsverk er årsverkstal som er justerte for ulike former for meirarbeid eller fråvær.

Utvalde volumtal og nøkkeltal

Vi omtaler volumtala nærmare under dei ulike hovudmåla og delmåla i del III Aktivitetar og resultat.

	2021	2022	2023	2024	Kommentar
Leverandørskifte hushald	660 791	610 874	281 260	264 675	Tala viser leverandørskifte per målepunkt, ikkje leverandørskifte per straumkunde. Éin person eller organisasjon kan ha fleire målepunkt.
Leverandørskifte næringskundar	50 484	57 388	70 810	33 673	
Inntektsrammer inkl. Statnett	29,2 mrd.	39,8 mrd.	42,1 mrd.	41,8 mrd.	
Tariffar (øre/kWh)	34,03	34,89	34,13	38,62	Gjennomsnittleg nettleige ekskl. avgifter for hushalda i Noreg. Tal i øre/kWh.
Leveringspålitelegheit	99,985 %	99,989 %	99,974%	99,985%	
Forbruk elektrisitet	138,91 TWh	131,57 TWh	134,49 TWh	136,83 TWh	
Produksjon elektrisitet	156,45 TWh	144,11 TWh	152,26 TWh	155,31 TWh	
Døgnmarknad – totalt kjøp	129,91 TWh	122,42 TWh	130,19 TWh	130,45 TWh	Volumet som er handla i døgnmarknaden på Nord Pool eller EPEX, utan omsyn til om einingane har blitt handla bilateralt først.
Døgnmarknad – totalt sal	148,25 TWh	134,76 TWh	141,26 TWh	141,08 TWh	
Kjøp og sal av elektrisitet fordelt på primære handelsplassar i TWh					
Bilaterale avtalar – kjøp	76,38 TWh	61,92 TWh	66,72 TWh	65,97 TWh	
Bilaterale avtalar – sal	76,16 TWh	61,91 TWh	66,72 TWh	65,97 TWh	
Døgnmarknaden – kjøp	70,26 TWh	68,72 TWh	76,52 TWh	80,08 TWh	Kjelde: Statnett. Tala for «døgnmarknaden – kjøp» og «døgnmarknaden – sal» representerer volumet som stammar frå døgnmarknaden. Det vil seie at volumet som først er handla bilateralt, ikkje er inkludert i tala.
Døgnmarknaden – sal	88,70 TWh	81,08 TWh	88,15 TWh	91,40 TWh	
Intradagmarknaden – kjøp	0,97 TWh	1,55 TWh	1,49 TWh	1,42 TWh	I intradagauksjonane blei det selt 0,22 TWh og kjøpt 0,09 TWh.
Intradagmarknaden – sal	1,28 TWh	1,44 TWh	1,80 TWh	1,93 TWh	
NSL døgnmarknadsauksjon – kjøp	0,07 TWh	2,29 TWh	0,96 TWh	0,91 TWh	
NSL døgnmarknadsauksjon – sal ¹	1,50 TWh	5,32 TWh	9,31 TWh	9,70 TWh	

¹ [NSL døgnmarknadsauksjon](#)

3. Del III: Aktivitetar og resultat i 2024

3.0 Hovudmål 1 RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og energi- og klimapolitikken i EU påverkar oss. Vi jobbar aktivt med å påverke utviklinga av regelverk for å vareta norske interesser. Vi har også utvikla nasjonale reglar for kraftmarknaden gjennom forskriftsendringar og involvert bransjen gjennom høyringar, seminar og forum.

Året 2024 har vore prega av ein uroleg kraftmarknad, men det norske marknadsdesignet har fungert godt. Vi har prioritert tilsynsaktivitet på utvalde område, som tilsyn med straumleverandørane, Elhub og AMS (avanserte måle- og styringssystem). Vi har også brukt reaksjonar og sanksjonar for å sikre at aktørane i kraftsystemet følgjer reglane, og har varsla fleire vedtak om gebyr for regelbrot.

Vi har sett inn tiltak for meir effektiv drift og utvikling av kraftsystemet, slik at investeringane i nettinfrastruktur ikkje blir for høge eller låge, og at nettet blir drifta kostnadseffektivt. Aktivitetane vore har bidratt til at brukarane får riktigare prissignal og kan gjere meir aktive val, for eksempel når det gjeld kva tid dei vil lade elbilen. Samtidig påverkar straumstønsordninga (omtalt i kapittel 3.10) desse prissignalane.

Effektar som elektrifisering og at brukarane ikkje må betale unødvendig høge kostnader for straumoverføring, er viktige resultat av aktivitetane våre.

3.1 Delmål 1 Ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar den norske energimarknaden

Det skjer store endringar i det nordiske og europeiske energisystemet, og kraftsystemet blir modernisert med nye reglar og metodar for å handtere elektrifisering, ny fornybar kraftproduksjon og meir effektkravjande forbruk.

Kommisjonsforordningane under den tredje energimarknadspakka blei innlemma i EØS-avtalen og tok til å gjelde i Noreg 1. august 2021. Sein innlemming av EØS-relevant regelverk i norsk rett og kompleksiteten i regelverket gjer denne oppgåva krevjande. Dei andre europeiske reguleringsmyndigheitene følgjer no reglane i marknadsdesigndelen av «rein energi»-pakka, som er ei vidareutvikling og ein revisjon dei opphavlege reglane.

Reguleringsmyndigheitene i EØS-landa må bli einige om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørsar skal bruke i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Dette er viktige løysingar for utviklinga av det framtidige energisystemet, inkludert utnytting av mellomlandskablar, verdiskaping i norsk regulerbar vasskraft og driftssikkerheit i Norden. Det er ressurskrevjande å komme fram til felles syn og vedtak blant reguleringsmyndigheitene, og det krev eit sterkt fagmiljø som kan delta aktivt i nordisk og europeisk samarbeid over tid.

Arbeidet med å følgje opp politikk- og regelverksutviklinga i EU har i 2024 vore prega av høgt tempo og ekstraordinære tiltak. Vi har følggt arbeidet gjennom europeisk og nordisk samarbeid og deltatt i arbeidsgrupper for å sikre gode løysingar.

3.2 Delmål 2 Ha oppsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader gjennom utvikling og handheving av reguleringa

RME har bidratt til effektive og transparente kraftmarknader på fleire måtar i 2024. Vi har arbeidd med å gjennomføre og implementere kommisjonsforordningar som er viktige for moderniseringa av kraftsystemet, foreslått forskriftsendringar og gjennomført tilsyn for å sikre at eksisterande regelverk blir følgde. Alt dette er med og bidrar til meir effektive kraftmarknader.

Å implementere kommisjonsforordningane med tilhøyrande vilkår og metodar har vore arbeidskrevjande. Forordningane om marknadsdesign, kapasitetsfastsetjing og systemdrift inneber at systemansvarlege og kraftbørsar har utvikla rundt 75 metodeforslag som er relevante for Noreg. Ved utgangen av 2024 var 58 av desse godkjende.

I tillegg har vi gjort eit omfattande arbeid med å utvikle nye og endre eksisterande vilkår og metodar knytte til system og marknad. Statnett og dei andre nordiske systemansvarlege har blant anna også førebudd ein ny nordisk balanseringsmodell med automatisering, finare tidsoppløysing og nye marknader for balansekapasitet (kap. 3.4). I denne samanhengen har vi samarbeidd tett med systemansvarlege og dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene.

Vi fører tilsyn med marknadsplassane i samarbeid med europeiske reguleringsmyndigheiter gjennom ACER og oppfølgingsmøte mellom reguleringsmyndigheitene, børsane og systemoperatørane på nordisk nivå. I 2024 har vi hatt to oppfølgingsmøte med Nord Pool.

Vi har gjort vedtak om marknadsmanipulasjon i døgnmarknaden og gitt eit brotgebyr på 7,5 millionar kroner. I samarbeid med dei nordiske reguleringsmyndigheitene har vi også følggt opp ein stor feilhandel i det finske bodområdet i november 2023. Vi konkluderte med at Nord Pool ikkje hadde brote nokon av forpliktingane sine i denne saka.

Nord Pool European Market Coupling Operator har konsesjon for drift av handelsløysinga på kabelen North Sea Link (NSL). I februar 2024 vedtok vi endringar i Statnetts konsesjon for NSL, inkludert eit vilkår om å leggje til rette for konkurranse mellom marknadsplassar i ei ny handelsløysing for NSL. Den nye ordninga må vere på plass seinast innan 2026. Vi har også vedtatt at Nord Pool må sørgje for at gebyrinntektene for drifta av handelsløysinga på NSL ikkje overstig ei rimeleg avkastning.

Alle selskap som produserer eller sel elektrisk energi, eller som eig og driftar overføringsnett, må ha ein omsetningskonsesjon. Ved utgangen av 2024 hadde 813 selskap gyldig omsetningskonsesjon. Konsesjonane gir oss oppdatert informasjon om selskapa i kraftbransjen og gjer det mogleg å føre kontroll med dei. I august 2024 starta vi førebuinga av ein ny konsesjonsperiode frå 2025 til 2028. Alle som ønskjer å forlengje konsesjonen, må søkje om fornying. Det blir innført nye vilkår for reine kraftleverandørar frå 2025.

Energidepartementet har vedtatt fleire tiltak for å styrkje reguleringa i sluttbrukarmarknaden i 2024. Ei viktig oppgåve for oss har vore å følgje opp både nytt og eksisterande regelverk. Vi har samarbeidd tett med Forbrukartilsynet om reaksjonar overfor kraftleverandørar. Vi har

gjennomført eit tematisyn med alle kraftleverandørane som sel straum til hushaldskundar, og varsla brot på regelverket hos 68 av 69 leverandørar.

I 2024 vedtok vi at Statnett skal utvikle eit system for å kontrollere at kunden har samtykt til å byte kraftleverandør eller overta eit målepunkt. Dette skal gjerast i samheng med det nye kravet frå departementet om at kraftleverandørane skal sikre digitalt samtykke frå kundane. Vi har også utforska kva krav som bør stillast til neste generasjons AMS-målarar, og i 2024 tok bransjen initiativ til eit større prosjekt om dette som vil gå over fleire år. Dette vil vi følgje tett. Vi publiserer også statistikk om sluttbrukarmarknaden med informasjon om leverandørskifte, marknadsandelar, kundar på leveringsplikt og plusskundar.

I 2024 har vi halde fram med ein tilsynsmetodikk som omfattar teknisk sikkerheitskontroll. Ved å basere tilsyna ikkje berre intervju og dokumentanalyse, men også på teknisk kontroll, får vi eit betre inntrykk av den faktiske sikkerheitstilstanden. Vi har ført tilsyn med sikkerheita i AMS hos to nettselskap. Det generelle inntrykket er at sikkerheita er god, men den tekniske kontrollen har identifisert viktige manglar. Det viser at denne kontrollen er ein viktig del av tilsyna våre.

Som ei følgje av høge straumprisar og store prisforskjellar mellom det nordlege og sørlege Noreg hadde Statnett ekstraordinært høge flaskehalsinntekter i 2023. Totalt har 2,6 milliardar kroner av desse inntektene blitt fordelte til nettselskap i distribusjons- og regionalnettet.

Flaskehalsinntektene har dekt selskapa sine nettapskostnader over 35 øre/kWh, noko som har avgrensa auken i nettleiga for kundar i heile landet.

3.3 Delmål 3 Bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet gjennom utvikling og handheving av reguleringa

RME har i 2024 lagt til rette for større fleksibilitet for både produksjon og etterspurnad for å fremje effektiv drift og utvikling av kraftnettet. Vi har utvikla det nasjonale regelverket for energimarknaden gjennom å foreslå og vedta forskriftsendringar.

Vi har over tid arbeidd for betre digital samhandling mellom nettselskapa. I 2023 etablerte dei største nettselskapa aksjeselskapet ElBits som ei permanent satsing på dette. Betre digital samhandling er viktig for å kunne drifte eksisterande nett meir effektivt og utvikle nettet raskare. Vi følgjer arbeidet til nettselskapa tett og bidrar strategisk og koordinerande i digitaliseringsforumet med ElBits, Statnett, NVE og RME. I 2024 innvilga vi nettselskapa eit samla tillegg til inntektsramma på 220 millionar kroner over perioden 2026–2027 for kostnader knytte til aktivitet og utvikling i ElBits.

RME har gitt Energidepartementet tilrådingar om moglege forskriftsendringar som skal bidra til kortare tilknytingskøar og raskare tilknyttingar til nettet. Vi har tilrådd at nettselskapa skal bruke prosjektmodning som eit kriterium når dei vurderer førespurnader om ny eller auka nettkapasitet frå kundar. Vi har også tilrådd at nettselskapa må rapportere kor lang tid dei bruker på å knyte til Forskriftsendringane tredde i kraft 1.januar 2025.

Vi har endra delar av innteksreguleringa slik at ho gir sterkare insentiv til å knyte til kundar raskare. Éi endring er at nettselskapa får dekt alle kostnader til tidleg utgreiing i regional- og transmisjonsnett frå 2024. Ei anna endring er at den tillatne inntekta aukar med 100 millionar

kroner, som går til selskap som har knytt til nye kundar og levert auka kapasitet. Ordninga er midlertidig og skal avviklast seinast med inntektsrammene for 2029.

Nøytralitet skal sikre at ingen selskap utnyttar omdømmet til nettselskapa gjennom eigarforhold. I 2023 hadde vi tilsyn for å sikre at nettselskapa skil seg frå andre selskap i same konsern gjennom å ha eige namn og eigne forretningskjenneteikn. Av sju påklaga vedtak med krav om å endre føretaksnamnet til nettselskapet, blei fire oppretthaldne av Energiklagenemnda i 2024. Vi har deretter kontrollert at dei selskapa som ikkje fekk medhald i klaga si, faktisk har endra føretaksnamn. På bakgrunn av vurderingane til Energiklagenemnda har vi også gjort ytterlegare tre vedtak med krav om namneendring. Vi held fram med nye vedtak i 2025.

Den noverande løysinga for deling av eigenprodusert fornybar straum tredde i kraft 1. oktober 2023. Ordninga legg til rette for at produsentar, prosumentar og plusskundar kan dele produksjonen sin med resten av nettkundane på same eigedom. For at eit produksjonsanlegg skal kunne delta i delingsordninga, kan ikkje den installerte effekten i anlegget overstige 1 MW (AC).

I februar 2024 leverte RME ein rapport til Energidepartementet om ei delingsordning tilpassa næringsområde. I rapporten foreslo vi ei løysing der alle kundar som betaler for energiledd basert på marginale tapskostnader, kan dele energi utan å auke nettleiga for andre kundar. Vi foreslo også at produksjonsanlegga i delingsordninga kan ha opptil 5 MW installert effekt, og at produsentane kan dele kraft virtuelt med kundar på same eigedom og med naboar. Desse avgrensingane skal sikre at ordninga ikkje fører til store kostnadsomfordelingar mellom kundar, og at tariffane framleis reflekterer kostnadene. Departementet bad oss vurdere ytterlegare avgrensingar for å fremje teknologinøytral energiproduksjon på næringsbygg og i næringsområde. I juni 2024 leverte vi forslag til forskriftsendringar som kan auke lønnsmda for ny energiproduksjon i næringsområde, og som samtidig vektlegg miljø, tilgjengelegheit og energieffektivitet.

Talet på avbrot i kraftleveringa blir årleg rapportert til RME. Tala for 2024 viser at leveringskvaliteten har vore god – på 99,989 prosent. Vi har ført tilsyn med nettselskapa for å sjå korleis dei følgjer opp kundeklager som gjeld leveringskvalitet og saksbehandling. I tillegg har vi gjort vedtak i saker der konsesjonæren ikkje har overhalde plikter etter forskrift om systemansvaret i kraftsystemet. Dette inkluderer saker om ikraftsetjing av anlegg utan vedtak frå den systemansvarlege (brot på § 14 i forskrifta) og saker om manglande innmelding av overføringsgrenser til den systemansvarlege (brot på § 7 i forskrifta). For å følgje utviklinga i bransjen når det gjeld leveringskvalitet, deltar vi blant anna på fagkonferansar og er medlem i fire nasjonale NEK-komitear (Norsk Elektroteknisk Komité). Vi er også fast medlem i ei referansegruppe for feil og avbrot.

I 2024 utarbeidde vi eit forslag til endringar i leveringskvalitetsforskrifta på oppdrag frå Energidepartementet. Etter at vi hadde hatt forslaget på høyring, sende vi ei tilråding om endringar til departementet. Departementet vedtok dei tilrådde endringane før jul, og dei tok til å gjelde 1. januar 2025. Noko av det som blei endra, var reglane for korleis nettselskapa skal behandle saker der kundar er misfornøgdde med leveringskvaliteten. I tillegg vurderte vi om grenseverdiane for spenningskvalitetsparametrane burde endrast i tråd med grenseverdiane i europanorma for spenningskvalitet. For dei aller fleste grenseverdiane beheld vi strengare krav enn dei som er anbefalte i europanorma.

3.4 Delmål 4 Følgje opp den systemansvarlege gjennom utvikling og handheving av reguleringa

Auka elektrifisering, meir variabel fornybar energiproduksjon og tettare integrasjon av kraftsystema fører til store endringar i det norske og nordiske kraftsystemet. Det blir vanskelegare å halde balansen i systemet, og det trengst nye tiltak for å sikre effektiv drift. Statnett og dei andre nordiske systemansvarlege arbeider med å modernisere systemdrifta. Dette inkluderer ein ny balanseringsmodell med automatisering, finare tidsoppløysing og nye marknader for balansekapasitet. RME har i 2024 følgd dette arbeidet tett saman med dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene.

I 2022 godkjende vi tre søknader frå Statnett om dispensasjon frå fristane for å implementere 15 minutts balanseavrekning og tilknytning til dei europeiske balanseplattformene MARI og PICASSO på grunn av forseinkingar i gjennomføringa av ein automatisert balansemarknad på nordisk og europeisk nivå. Vi utsette fristane til april og juli 2024, men seinare har det oppstått nye forseinkingar, og Statnett har ikkje nådd fristane. Hausten 2024 påla vi Statnett å implementere 15 minutts balanseavrekning innan 11. mars 2025, med varsel om tvangsmulkt.

Vi har i 2024 bygd opp kompetanse på kapasitetsberekning og nettmodellar for å følgje opp den systemansvarlege og ha effektiv marknadsovervaking. Kapasitetsfastsetjing er viktig for å optimalisere utnyttinga av transmisjonsnett og mellomlandssamband utan å gå på akkord med driftssikkerheita. Vi har følgd opp arbeidet med flytbasert kapasitetsberekning i Norden, som blei implementert i oktober 2024.

RME godkjenner også oppdateringar i Statnetts retningslinjer for systemansvaret. I 2024 har vi godkjent fleire oppdateringar. Vi har også gjennomført ei høyring om endringar i forskrift om systemansvaret i kraftsystemet §§ 14a og 18. Vidare har vi samanfatta høyringa og sendt ei endeleg anbefaling om forskriftstekst til Energidepartementet. Endringane i § 14a skal bidra til ei tydeleg myndighetsfordeling mellom RME og NVE når det gjeld rapportering av anleggsdata til den systemansvarlege. Endringane i § 18 skal leggje til rette for sikker og påliteleg kommunikasjon mellom den systemansvarlege og konsesjonærar i drift. Det inneber at den systemansvarlege i større grad kan stille funksjonskrav om kommunikasjonen til kraftprodusentane, slik at systemkritiske vedtak frå Statnett når fram til relevante aktørar.

RME arbeider med ein nasjonal metode for datautveksling mellom systemansvarleg, nettselskap og store nettbrukarar i samsvar med SO GL artikkel 40.5 (KORRR²). Statnett har ikkje levert metodeforslag til godkjenning enno, men vi rettleier dei i prosessen.

Vi sende rapporten *Driften av kraftsystemet 2023* til Energidepartementet i juni 2024. Rapporten gir oversikt over forhold som påverkar forsyningssikkerheita, slik som energisikkerheit, driftsutfordringar og spenningskvalitet. Vi har også halvårlege oppfølgingsmøte med Statnett om driftsplanlegging og marknadsutvikling.

I 2024 godkjende vi Statnetts bruk av flaskehalsinntekter for 2023 på mellomlandssambanda i EØS. Inntektene kom på 4 milliardar kroner, noko som er ei halvering frå 2022.

² [KORRR](#)

3.5 Delmål 5 Bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte

RME er reguleringsmyndigheit for innanlandsk gassdistribusjon i Noreg, og Gasnor AS og Lyse Neo AS er utpeikte som systemoperatørar for sine respektive distribusjonsnett for gass. Naturgassmarknaden i Noreg er liten samanlikna med gassmarknaden i andre europeiske land, og reguleringa skal i størst mogleg grad tilpassast norske forhold.

I 2022 sende vi ut to vedtak: eitt om godkjenning av vilkår for tilgang til distribusjonsnettet til Gasnor AS og balansenestene deira og eitt om fastsetjing av tariffar for tredjepartstilgang til distribusjonsnettet til Gasnor AS. Vedtaka gav rammene for kva vilkår og metodar tredjepartar må rette seg etter for å få tilgang til distribusjonsnettet til Gasnor og balansenestene deira i 2023 og 2024. Vedtaka er i 2024 forlengde til ut 2025. Lyse Neo AS har hatt unntak frå tredjepartstilgang, og RME har forlenget dette unntaket ut 2025 med atterhald om godkjenning av EFTAs overvaksingsorgan (ESA).

3.6 Delmål 6 Delta aktivt i regionalt og europeisk regulatorsamarbeid

RME har i 2024 brukt ressursar for å påverke utviklinga av europeiske reglar som vil påverke Noreg. Vi har deltatt i europeisk regelverksutvikling og regeltolking saman med andre reguleringsmyndigheiter i NordREG, CEER og ACER. Målet er å sikre norske interesser og behov på prioriterte område. I 2024 har vi prioritert spørsmål knytte til marknad og systemdrift.

For å sikre norske interesser informerer vi bransjen om regelverksutformingar som er i gang, og gjennomfører høyringar. Regelverk som er implementerte i Noreg, følgjer vi opp gjennom tilsyn.

Vi har også arbeidd med justering av elmarknadsdesign på europeisk nivå. I tillegg arbeidde vi med regelverket for å unngå marknadsmanipulasjon og innsidehandel fram til dette blei vedtatt sommaren 2024.

I 2024 har vi deltatt i ein komité som har laga utkast til ein europeisk nettkode for etterspurnadsfleksibilitet. Saman med dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene har vi arbeidd for ei smidig implementering av balansering av kraftsystema. Det har også vore informasjonsutveksling om overvaking av sluttbrukarmarknaden og inntektsreguleringa. NordREG har publisert rapportar og posisjonsnotat på nettsidene sine. I 2024 blei nettkoden for cybersikkerheit innført. Vi har vore med på å opprette ei ny arbeidsgruppe for cybersikkerheit i ACER og samarbeidd på europeisk nivå for å utvikle metodar i tråd med nettkoden, som inkluderer risikovurdering og klassifisering av cyberangrep. Vi har også leidd arbeidet med å lage faktaark om EU-regelverk for cybersikkerheit og analysere konsekvensane av cyberangrep på marknadsplattformer for krafthandel i EU. I tillegg har vi bidratt med å arrangere ein cybersikkerheitsworkshop for Moldova, Ukraina, Aserbajdsjan, Armenia og Georgia.

Vi deltar i ein effektivitetsanalyse av systemoperatørar i regi av CEER der det i 2024 blei utarbeidd ein rapport som samanliknar europeiske systemoperatørar. Kostnadseffektiviteten til Statnett SF blir målt mot 15 andre europeiske TSO-ar. Ein rapport frå dette arbeidet blei publisert sommaren 2024.

3.7 Særskilde oppgåver

Gi tilskot til utjamning av overføringstariffar (kap. 1820, post 73)

Til saman sju nettselskap³ har i 2024 fått ei samla tariffstøtte på 18 millionar kroner, og 20 120 kundar har fått redusert nettleiga si med mellom 3,65 og 15,7 øre/kWh. Til saman 73 selskap hadde meir enn 300 kundar ved utgangen av 2024 og høgaste nettkostnad som ikkje fekk tariffstøtte var på 108,35 øre⁴.

Fastsetje ny forskrift om reguleringa av inntektene til nettselskapa, og foreslå eventuelle endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd og forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet som er hensiktsmessige i denne samanhengen

Energidepartementet ga i 2024 RME i oppdrag å lage høyringsnotat og sende forslag til endringar i leveringskvalitetsforskrifta på høyring. På bakgrunn av høyringa og anbefaling fra RME tredde endringane i leveringskvalitetsforskrifta i kraft 1. januar 2025.

RME laget i 2024 forslag til høyringsnotat med forslag til endringar i forskrift om nettregulering og energimarknaden (NEM-forskrifta) og forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, samt forslag til ny forskrift om straumnettselskapas inntekter (nettinntektsforskrifta).

Nettinntektsforskrifta er fastsatt av RME og tredde i kraft 1. februar 2025. Endringane i NEM-forskrifta og forskrift om økonomisk og teknisk rapportering (som nå heter forskrift for omsetningskonsesjonærar) er fastsatt av Energidepartementet, og ble satt i kraft 1. februar 2025.

Hjelpe departementet i arbeidet med å følge opp Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet og bidra til at nettselskapa skal kunne gi raskare tilknytning

RME har i 2023 og 2024 greidd ut, anbefalt og følgt opp bestillingar frå Energidepartementet på fleire tiltak som er omtalte i handlingsplanen til regjeringa, blant anna

- krav om at prosjektmodning skal vere eit kriterium når nettselskapa vurderer tilknytingsførespurnader
- føringar for kva forbruk som skal definerast som «vanleg forbruk»
- reglar som gir nettselskapa moglegheit til å redusere det maksimalt tillatne effektuttaket for kundane i særlege tilfelle
- krav til nettselskapa om å offentleggjere prinsipp og vurderingar om kva som er driftsmessig forsvarleg

Hjelpe departementet i vurderinga av marknadsdesigndelen av «rein energi»-pakka

Det har vore lite aktivitet knytt til oppfølginga av «rein energi»-pakka som EU vedtok i mai 2019.

³ DE Nett AS, Uvdal Kraftforsyning SA, Sør-Aurdal Energi AS, Bømlo Kraftnett AS, Modalen Kraftlag SA, Indre Hordaland Kraftnett AS og Sandøy Nett AS (som no er fusjonerte). Tilskotet går til selskap med høgast nettleige, når vi har tatt omsyn til avgifter. For å vere kvalifisert til tilskot, må selskapet ha meir enn 300 kundar i lokalt distribusjonsnett.

⁴ Sør Aurdal Energi AS hadde den høgaste nettkostnad som ikkje fekk tariffstøtte.

Føre vidare arbeidet med digital samhandling i kraftsektoren

Sidan 2019 har RME arbeidd med å gjennomgå driftspraksisen til nettselskapa og koordineringa mellom den systemansvarlege og dei regionale og lokale nettselskapa. I oktober 2020 anbefalte vi departementet å lage ein plan for digitalisering og effektiv informasjonsforvaltning for alle nettselskapa og å etablere eit digitaliseringsforum.

I 2023 publiserte vi to rapportar om eit halvanna år langt arbeid med å greie ut eit fundament og ein styringsmodell for digital samhandling i nettbransjen. I mars 2023 etablerte dei største nettselskapa ElBits AS i mars 2023 som ei permanent satsing for å betre den digitale samhandlinga. Det blei også etablert eit digitaliseringsforum med deltakarar frå ElBits, Statnett, NVE og RME for å sikre god koordinering.

I 2023 innvilga RME nettselskapa eit tillegg til inntektsramma på 150 millionar kroner for perioden 2023–2024 for kostnader knytte til aktivitet og utvikling i ElBits. I 2024 innvilga vi ytterlegare 220 millionar kroner for perioden 2026–2027. ElBits har no 34 medeigarar, som dekkjer 89 prosent av nettkundane i Noreg. Produkta og infrastrukturen dei utviklar, skal bidra til nasjonale løysingar og standardisering av data og prosessar på tvers av nettselskap og nettnivå.

Hjelpe departementet i arbeidet med å utvikle regulering av nettet og marknaden til havs

Energidepartementet har gitt RME i oppdrag å bidra med vurderingar knytte til regulatoriske forhold for nett- og marknadsdesign til havs.

Sommaren 2024 leverte vi ein rapport til departementet med vurderingar av forvaltningsregimet til havs. I denne rapporten anbefaler vi at RME blir peikt ut som reguleringsmyndigheit for kraftsystemet til havs. Vidare foreslår vi tiltak for å sikre at det blir reservert kapasitet til havvind. Vi kjem også med anbefalingar om korleis utgreiingskostnader bør behandlast, og forslag til innhald i konsesjonsvilkår.

Forvalte og administrere den midlertidige ordninga der Statnett overfører delar av flaskehalsinntektene for 2024 til underliggjande nettselskap

RME har vedtatt at totalt 781 millionar kroner skal betalast frå Statnett til underliggjande nettselskap i løpet av 2024. Formålet med ordninga var at kundar ikkje skulle få høgare nettleige som følge av høge kraftprisar. Ordninga har sørgd for dette ved at flaskehalsinntektene har dekt kraftprisar over 35 øre/kWh for alle nettselskapa i heile landet.

Følgje opp arbeidet med sanksjonsmoglegheiter overfor kraftleverandørar, inkludert tilbaketrekking av omsetningskonsesjon, for å sikre ein meir velfungerande og effektiv sluttbrukarmarknad og eventuelt fremje forslag til regelverksendringar

I juni 2023 fekk RME i oppdrag frå Energidepartementet å vurdere behovet for nye reaksjons- og sanksjonsmoglegheiter for å sikre ein meir velfungerande og effektiv sluttbrukarmarknad. Det har vi gjort, og forslaget om å utvide RMEs kompetanse til å trekkje tilbake omsetningskonsesjonar på bakgrunn av brot på anna relevant regelverktredde i kraft 1. januar 2024. Vi har også starta arbeidet med å implementere tidlegare tilrådte tiltak i neste konsesjonsperiode frå 2025.

3.8 Stønad til hushalda for ekstraordinære straumutgifter

Straumstønadsordninga for hushalda kom i gang frå desember 2021 for å dempe dei økonomiske konsekvensane av ekstraordinært høge straumprisar. Ordninga blir forvalta av RME, og det er også vi som fører tilsyn med ordninga. Nettselskapa identifiserer kven som har krav på stønad, og utbetaler stønad til hushalda (inkludert fellesmålte hushaldforbruk i burettslag). Ordninga inneber at hushalda får delar av straumutgiftene sine tilbakebetalte gjennom nettleiga.

I statsbudsjett for 2025 er det vedtatt at ordninga skal utvidast til å vare ut 2025 med ein justering i innslagspunktet for straumstønaden til 75 øre/kWh frå og med 1. januar 2025. Det er budsjettert med ein straumstønad på 4,8 milliardar kroner i 2025.

Frå januar til august 2023 var ordninga basert på gjennomsnittleg spotpris gjennom månaden. Frå og med forbruket i september 2023 blei ho endra til å basere seg på spotprisen time for time i det prisområdet hushalda høyrer til. Vi har fem ulike prisområde for straum i Noreg. Hushalda har i 2024 fått stønad i dei timane der spotprisen har vore høgare enn 73 øre/kWh. I desse timane har dei fått stønad for 90 prosent av beløpet over 73 øre/kWh. Det blir tatt omsyn til meirverdiavgift i dei prisområda der kundane betaler det. Da blir det lagt til 25 prosent på støttesatsen. Taket for forbruket som gir kompensasjon, er 5 000 kWh per måned. Forbruk over dette blir altså ikkje kompensert. Stønadsbeløpet blir trekt frå den månadlege nettleigerekninga hushalda får frå nettselskapet sitt. Om stønaden overstig den månadlege nettleiga, blir beløpet utbetalt til bankkontoen til kunden eller trekt frå straumrekninga.

Vi har i 2024 behandla mange spørsmål om ordninga. I tillegg avgjer RME saker om rett til å vere omfatta av ordninga dersom det er usemje mellom nettselskap og nettkunde.

RME skal etter straumstønadslova føre tilsyn med ordninga og kontrollere på eit overordna nivå at utbetalingar av straumstønad er rimelege, ved månadleg utbetaling til nettselskapa. RME har i 2024 engasjert eit revisjonsselskap til å revidere utbetalingar av straumstønad frå nettselskapa til hushalda. Formålet med revisjonen er å sikre at målepunkt som har fått stønad, faktisk er kvalifiserte for dette etter krav i lov og forskrift, og dessutan å kartleggje måten nettselskapa handterer ordninga på, med vekt på forbetningsområde. Sluttrapporten etter revisjonen blir publisert i 2025.

Samfunnseffektar av ordninga

- Overgang til timesbasert støtte dempar prissignalet til sluttbrukaren.
 - Som ein vidare effekt av at prissignalet til sluttkunden blir dempa, blir det mindre lønnsamt å investere i ENØK-tiltak. Dessutan reduserer det insentiv til straumsparing.
 - Det reduserer motivasjonen til å flytte forbruk frå timar med svært høg pris til timar med lågare pris. Høge kraftprisar reflekterer knappleik på kraft, og i slike situasjonar er det særleg viktig at det er samanfall mellom samfunnsinteressene og interessene til kvart enkelt hushald.

Brukareffektar av ordninga

- Ordninga gir ein meir føreseieleg økonomisk situasjon for hushalda. Timesstøtta er nærmast å rekne som ein makspris og skjermar hushalda frå verkeleg høge straumkostnader.
- Det blir vanskelegare for kvart enkelt hushald å kontrollere kva støtte dei får.

- Støtta er i større grad knytt til eige forbruk, ettersom støttesatsen avheng av forbruket til kvar enkelt. Det vil seie at to hushald med likt totalt månadsforbruk kan få svært ulik støtte. Mest støtte får ein dersom ein bruker straum i timar med høg pris.

3.9 Forvaltningsretta forskning og utvikling

Fleire nye aktørar tar del i elektrifiseringa. I denne samanhengen har RME drive følgjeforskning knytt til åtte storskala demonstrasjonsprosjekt i samarbeid med Enova. Prosjekta har demonstrert ny teknologi, digitale løysingar og forretningsmodellar som utnyttar fleksibiliteten i energisystemet. Målet til RME har vore å sørgje for ei konsistent oppfølging av slike prosjekt ved å greie ut viktige spørsmål om samfunnsøkonomisk nytte og skilje mellom monopoloppgåve (netteneste) og marknadsbaserte (konkurransesette) tenester. Fleire av dei åtte prosjekta har testa bruk av lokale fleksibilitetsmarknader. Ein ferdig rapport med resultat er venta i løpet av våren 2025.

Vi har også deltatt i eit prosjekt om korleis ulike former for «lokale energisamfunn» (LEC) kan verke inn på drift og planlegging hos nettselskapa. Det var SINTEF Energi som eigde prosjektet, mens vi sat i styringsgruppa. Fleire nettselskap var også involverte. Prosjektet blei avslutta hausten 2024, og ein sluttrapport blei publisert i desember.⁵ Rapporten gir ei oversikt over dei potensielle rollene til LEC og kategoriserer dei basert på dei unike eigenskapane deira i rurale, urbane og industrielle miljø. Viktige tekniske, regulatoriske og økonomiske utfordringar blir vurderte, saman med fordelane LEC tilbyr, som betre lokal ressurskoordinering, auka netteffektivitet og reduserte overføringskostnader. Rapporten vurderer også ulike scenario for integrering av LEC i nettet og utforskar kooperative, konkurransebaserte og deltakande modellar som tar omsyn til dei ulike rollene til interessentane. I tillegg til modellbaserte vurderingar gir rapporten politiske tilrådingar om kva LEC potensielt kan bidra med i energiovergangen.

RME har i 2024, gjennom FoU-ordninga, støtta forskning på korleis teknologisk utvikling påverkar regulering av sikkerheit i AMS og val av sikkerheitsstrategiar for dei regulerte selskapa i Noreg. Forskinga vil vi bruke til å forstå meir av kva som kan gjerast for å optimalisere regelverk og oppfølging av dei regulerte selskapa.

RME er brukarpartnar i CINELDI, eitt av åtte norske forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). Forskingssenteret består av fem arbeidspakker knytte til nettutvikling og anleggsforvaltning, systemdrift i smarte nett, DSO/TSO-interaksjon, mikronett og bruk av fleksible ressursar. Forskingssenteret blei avslutta i 2024. Det har vore mange prosjekt ved senteret, og resultatane har blitt lagde til grunn for CINELDI-rapporten *Strategi og veikart for overgangen til et fleksibelt og intelligent strømnnett*⁶.

I 2024 har vi også gjennomført eit FoU-prosjekt for å kartleggje moglege insentivmekanismar for å korte ned tida det tar å bli knytt til nettet. Prosjektet er ein del av jobben med å vurdere endringar i den økonomiske reguleringa for å gi insentiv for raskare nettilknytningar.

⁵ [SINTEF Open: Integration of Local Energy Communities in Electricity Distribution Grids: FINE project deliverable](#)

⁶ [Strategi og veikart for overgangen til et fleksibelt og intelligent strømnnett \(PDF\)](#)

3.10 Omtale av ressursbruk

Vi har i fleire år treft tiltak for å sikre effektiv utnytting av ressursane, blant anna ved å omfordele ressursar mellom fagområde og ved å effektivisere og digitalisere arbeidsprosessar. Dette gjer vi for å vere best mogleg rusta til å møte nye behov i eit kraftsystem som er i rask endring, gjennom ei dynamisk og framtidsretta regulering.

Avgrensa ressursar gjer at RME bruker for lang tid på å behandle usemjesaker mellom kundar og kraft- og nettselskap. Derfor har vi sidan 2022 tilsett nye medarbeidarar på fagområdet. For å effektivisere saksbehandlinga har vi også gjort ho meir einsarta og utarbeidd malar og standardtekstar. I tillegg har vi tatt i bruk eit system for å følge opp saksbehandlinga. Samtidig er det stor etterspurnad etter kompetansen vår på å rettleie om og vidareutvikle reguleringa. Dette har vore ekstra tydeleg i ein periode der det har vore retta uvanleg mykje merksemd mot kraftsystemet og kraftmarknadene. Det har også vore retta mykje merksemd mot nettilknytning, der vi har bidratt med mykje rettleiing og avklaringar. Vi må framleis prioritere dei oppgåvene som hastar mest, i tillegg til den løpande handhevinga av reguleringa, som å fastsetje inntektsrammer og meir-/mindreinntekter, behandle klagesaker og føre tilsyn. Vi må prioritere strengt kva område vi fører tilsyn på.

Vi arbeider ikkje med oppgåver under tredje energimarknadspakke, der fagkompetansen og ressursane i dag er plasserte i andre avdelingar i NVE. Dette gjeld for eksempel vurdering av Statnetts nettutviklingsplan slik det følgjer av tredje energimarknadspakke. Vi har også nedprioritert arbeid som er knytt til hydrogen, gass, sektorkopling og infrastrukturutvikling, for å nemne noko som dei andre reguleringsmyndigheitene i Norden og Europa arbeider med no.

I 2024 har RME hatt i oppdrag å forvalte ordninga med kompensasjon for høge straumprisar. Vi er ansvarlege for tildelinga av stønad via kvart enkelt nettselskap og for tilsyn med ordninga, noko som også omfattar oppfølging og kontroll. Dette har vore ressurskrevjande og har ført til at vi har måtta omprioritere oppgåver. I praksis har andre oppgåver blitt utsette eller forseinka.

4. Del IV: Styring og kontroll

Vi viser til NVE sin årsrapport for informasjon om styring og kontroll.

5. Del V: Vurdering av framtida

Noregs omstilling til nullutslepp er ein del av ei stadig raskare europeisk omstilling. Tempoet på omstillinga har dei siste åra akselerert både i Norden og i resten av Europa. I denne samanhengen er det viktig å modernisere drifta og utviklinga av kraftsystemet for å handtere konsekvensane som følgjer av ein auka del fornybar kraftproduksjon som ikkje kan regulerast, auka elektrifisering av industri- og transportsektoren, meir effektkrevjande forbruk med meir.

Dette kjem samtidig med den krevjande energi- og sikkerheitssituasjonen i Europa dei siste åra som har ført til høge energiprisar og større prisvariasjonar. I europeisk samheng er ei rekkje ekstraordinære tiltak sette i verk, og norske styresmakter har også vedtatt fleire tiltak for å avhjelpe situasjonen. Fleire av tiltaka utfordrar det eksisterande marknadsdesignet. Eit av prinsippa i dagens marknadsdesign er at prissignala skal reflektere dei underliggjande fysiske

eigenskapane i kraftsystemet. Tiltak som straumstønadordninga og pristak bidrar til å forstyrre prissignala og aukar risikoen for at forbrukarane ikkje endrar seg i tilstrekkeleg grad, ettersom prissignala som reflekterer produksjon og forbruk, blir dempa. I tillegg til kortsiktige tiltak blir det på europeisk nivå diskutert om ein skal sjå nærmare på behovet for meir langsiktige og strukturelle endringar i marknadsdesignet. Om slike endringar blir gjennomførte utan gode nok vurderingar i forkant, kan det innebære negative konsekvensar for korleis kraftmarknaden fungerer. Eit viktig tiltak for oss er derfor å følgje diskusjonane i denne samanhengen tett, i Noreg, Norden og Europa, og å vurdere konsekvensar av eventuelle endringar.

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og den nødvendige moderniseringa av kraftsystemet skjer ved at det blir utarbeidd og implementert forordningar med harmoniserte regelverk og metodar. Desse prosessane har mykje å seie for utnyttinga av mellomlandssambanda våre, for verdiskapinga i norsk regulerbar vasskraft og for driftssikkerheita i Noreg og Europa elles. Reguleringsmyndigheitene må bli einige om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørsar skal følgje i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Eit sterkt fagmiljø og aktiv deltaking i nordisk og europeisk regulatorsamarbeid er viktig for at reguleringsmyndigheitene skal komme fram til felles syn og vedtak.

I takt med meir utfordrande systemdrift får den systemansvarlege ei stadig viktigare rolle for aktørane og for den totale effektiviteten i sektoren. Vi har blant anna starta arbeidet med å følgje tettare opp kapasitetsfastsetjinga til den systemansvarlege.

Dei siste åra har det vore fallande likviditet i den finansielle marknaden for systempriskontraktar. Vi har starta eit arbeid for å kartleggje sikringsmoglegheiter utover den organiserte finansielle marknaden, og har i 2024 vurdert om det er tilstrekkelege sikringsmoglegheiter i norske bodområde i samsvar med artikkel 30 i FCA.⁷

Statnett forventar nettinvesteringar på mellom 60 og 100 milliardar kroner i åra 2021–2030. I dette anslaget er det lagt inn 10 milliardar kroner i nettinvesteringar for havnett. I dei nyaste berekningane er den samla inntektsramma for 2024 inkludert Statnett og NordLink på om lag 41,8 milliardar kroner, som blir fordelte til nettselskapa ved hjelp av ulike metodar og modellar. Målet med den økonomiske reguleringa er å bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet. Det er behov for å knyte til fleire og store nettkundar framover, og nettselskapa må gjere store investeringar og utnytte eksisterande kapasitet i nettet optimalt for å dekkje etterspurnaden etter straum og effekt. Det er viktig at nivået på investeringane i nettinfrastruktur verken blir for høgt eller for lågt, og at nettet blir drifta kostnadseffektivt. Auka elektrifisering og endring i bruken av kraftsystemet gjer at det trengst meir avanserte modellar for at reguleringa framleis skal ha nødvendig tillit. Nettselskapa etterspør i aukande grad modellar og metodar som tar omsyn til kva avstandar energi og effekt skal transporterast over i nettet, og at selskapa har knytt til kundar med ulike behov for leveringspålitelegheit utan ugrunna opphald.

I dag tar det lang tid å få nettilknytning for nye kundar på grunn av avgrensa nettkapasitet. Nettselskapa har fått høve til å knyte til kundar med vilkår, og til å reservere kapasitet til vanleg forbruk. Som vi også har omtalt i kapittel 3.3 ovanfor, arbeidde vi i 2024 med krav om at nettselskapa skal rapportere kor lang tid dei bruker på å knyte kundar til nettet, og med kriterium for å vurdere modning for tilknytingsførespurnadene. Dette tiltaket vil gjere reglane for

⁷ [FCA](#)

tilknytingsprosessen tydelegare. Vi har også endra delar av inntektsreguleringa slik at ho gir sterkare insentiv til å knyte til kundar raskare. Samla vil desse tiltaka venteleg redusere faren for at ny tilknytning ikkje går raskt nok, men det vil framleis vere stor fare for at det tar lang tid, spesielt for store kundar. Nettselskapa klarer å knyte til små kundar (under 1 MW), men i mange område er det full stopp i tilknytningar av kundar med behov for over 1 MW. Ventetida for desse tilknytningane kan i dei verste tilfella vere over 15 år. At nettselskapa ikkje får knytt til nytt forbruk i tilstrekkeleg grad, har alvorlege konsekvensar. Dette medfører store kostnader for samfunnet, og vi vil arbeide vidare med tiltak for raskare tilknytningar.

Det skjer ei rask og omfattande teknologiutvikling i den kundenære delen av kraftsektoren. Ein stor del av den nye kraftproduksjonen blir kopla til distribusjonsnettet, og elektrifisering av transport med meir vil også bli kopla til det same nettnivået. Samtidig opnar ny teknologi for å utvikle lokale energiløysingar og eit meir fleksibelt straumforbruk. Dette skaper fleire utfordringar som gir behov for å vidareutvikle reguleringa.

Vi vil utvikle reguleringa slik at ho styrkjer insentiva for effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Dette omfattar eit sett av tiltak, blant anna endringar i inntektsreguleringa, auka tilgang til å teste ut nye løysingar og dessutan skjerpte krav til nøytralitet for nettselskapa. Vidare vil vi blant anna arbeide med reguleringa for å leggje til rette for fleksibilitetstenester, elektrifisering av transportsektoren og ein meir velfungerande sluttbrukarmarknad.

Det er behov for tettare oppfølging av kostnadene til Statnett og måten dei utøver systemansvaret på, og for god forståing av alle forhold knytte til plikt om tilknytning og systemdrift. Dette er spesielt viktig no når det er høg investeringstakt og auka nettkostnader, samtidig som det er behov for tettare oppfølging av verkemiddel i driftsfasen. Framover vil vi arbeide for å sikre ei effektiv driftskoordinering av kraftsystemet, blant anna gjennom auka digitalisering.

I planane til EU er det venta omfattande utbygging av vindkraft til havs. I Noreg er to område i Nordsjøen opna for slik verksemd. Ei storstilt utbygging av havvind kan også kombinerast med ulike former for kraftforbruk til havs. Desse framtidsutsiktene kan gjere det nødvendig å utvikle regulering for kraftnett til havs som legg til rette for andre nettløysingar enn radialar frå produksjons- eller forbrukspunkt og til land. Vi vil derfor følgje utviklinga i Europa på dette området. Vi vil også hjelpe Energidepartementet med å utvikle reguleringa av nettet og marknaden til havs.

6. Publikasjonslister

Publikasjonar i seriane til RME i 2024 er å finne på [nettsidene våre](#).

Vedlegg 1: Vedtak om tekniske metodar etter kommisjonsforordningane

Forordning om kapasitetstildeling og flaskehalshandtering (CACM)⁸, forordning om balansering av kraftsystemet (EB GL)⁹ og forordning om retningslinje for systemdrift (SO GL)¹⁰

- 16.01.2023: vedtak overfor Statnett om felles avrekningsreglar for tilsikta og utilsikta utveksling av energi internt i det nordiske synkronområdet etter EB GL art. 50(3) og art. 51(1)
- 27.03.2023: vedtak overfor Statnett om dimensjoneringsreglar for FCR¹¹ etter SO GL art. 154(2) og vedtak om spesifikke eigenskapar og spesifikasjonar for FCR etter SO GL art. 156(10)
- 12.04.2023: vedtak overfor Statnett om dimensjoneringsreglar for FRR etter SO GL art. 157(1)
- 05.07.2023: vedtak overfor Nasdaq Spot AB om metode for MCO-plan etter CACM art. 7(3) og metode for reserveprosedyrar etter CACM art. 36(3)
- 21.08.2023: vedtak overfor Statnett om metode for fastsetjing av kapasitetsberekningsregionar etter CACM art. 15(1)
- 23.10.2023: vedtak overfor Statnett om metode for ein marknadsbasert tildelingsprosess for utvekslingskapasitet mellom bodområde i Nordic CCR etter EB GL art. 41(1)
- 15.12.2023: vedtak overfor Statnett om unntak frå kravet om å offentliggjere opplysningar om tilbodne prisar på balansekapasitet på grunn av risiko for marknadsmisbruk etter EB GL art 12(4)
- 19.12.2023: vedtak overfor Statnett om ein separat avrekningsmekanisme for balanseansvarlege for å avrekne anskaffingskostnader for balansekapasitet, administrative kostnader og andre kostnader relaterte til balansering etter EB GL art
- 12.12.2023: vedtak med heimel i CACM art 76(2) og systemansvarskonsesjonen punkt 2(3) om godkjenning av kostnadsdekning. Statnett kan dekkje ein del av dei felleseuropeiske og regionale kostnadene overfor høvesvis EPEX Spot SE for 2020–2021 og Nord Pool EMCO for 2018–2021, som er knytte til utviklinga av marknadskoplinga for døgn- og intradagmarknaden.

⁸ [Forordning om kapasitetstildeling og flaskehalshandtering \(CACM\)](#)

⁹ [Forordning om balansering av kraftsystemet \(EB GL\)](#)

¹⁰ [Forordning om retningslinje for systemdrift \(SOGL\)](#)

¹¹ [Raske frekvensreserver - FFR | Statnett](#)

- 02.02.2024: vedtak med heimel i EB art. 50(4) om felles avrekningsreglar for tilsikta utveksling av energi mellom asynkront tilkopla TSO-ar
- 02.02.2024: vedtak med heimel i EB art. 51(2) om felles avrekningsreglar for utilsikta utveksling av energi mellom asynkront tilkopla TSO-ar
- 02.02.2024: vedtak med heimel i SO art. 137(3) og (4) om rampingrestriksjonar for uttak av aktiv effekt
- 25.03.2024: vedtak med heimel i CACM art. 44 om oppretting av reserveprosedyrar for døgnmarknaden i Norden
- 25.03.2024: vedtak med heimel i CACM art. 44 om oppretting av reserveprosedyrar for døgnmarknaden i Hansa
- 12.04.2024: vedtak med heimel i CACM art. 41(1) og 54(1) om harmoniserte maksimums- og minimumsprisar i døgn- og intradagmarknadene
- 24.09.2024: vedtak med heimel i CACM art. 20(2) om ein felles metode for kapasitetsberekning i døgn- og intradagmarknadene i Norden
- 14.10.2024: vedtak med heimel i CACM art. 35(1) om koordinert spesialregulering og mothandel i Norden
- 16.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 37(3) om ein metode for berekning av utvekslingskapasitet mellom bodområde for den nordiske kapasitetsberekningsregionen
- 18.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 20(1) om rammene for oppretting av den europeiske plattformen for utveksling av balanseenergi frå frekvensgjenopprettingsreservar med manuell aktivering (mFRR)
- 18.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 21(1) om rammene for oppretting av den europeiske plattformen for utveksling av balanseenergi frå frekvensgjenopprettingsreservar med automatisk aktivering (aFRR)
- 18.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 29(3) om klassifiseringsmetoden for aktivering av bod på balanseenergi frå felles bodliste
- 23.10.2024: vedtak med heimel i CACM art. 74 om fordeling av kostnader ved spesialregulering og mothandel i Hansa
- 28.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 33(1) om ein metode for harmoniserte reglar og prosessar for utveksling og kjøp av aFRR balanseringskapasitet internt i den nordiske LCF-blokka
- 28.10.2024: vedtak med heimel i EB art. 38(1) om prosessen for tildeling av utvekslingskapasitet mellom bodområde for å utveksle balansekapasitet eller dele reservar internt i den nordiske LFC-blokka

- 06.11.2024: vedtak med heimel i EB art. 34(1) om unntak for ikkje å tillate leverandørar av balansenester å overføre forpliktingane sine til å levere aFRR-balansekapasitet internt i den nordiske LFC-blokka
- 06.11.2024: vedtak med heimel i EB art. 41(1) om ein metode for ein marknadsbasert tildelingsprosess for utvekslingskapasitet mellom bodområde i Nordic CCR
- 07.11.2024: vedtak med heimel i EB art. 30(1) og (5) om fastsetjing av prisar for balanseenergi og utvekslingskapasitet mellom bodområde som blir brukte til utveksling av balanseenergi eller til drift av prosessen for utlikning av motsettretta ubalansar
- 07.11.2024: vedtak med heimel i EB art. 50(1) om felles avrekningsreglar mellom TSO-ar for tilsikta utveksling av balanseenergi
- 12.11.2024: vedtak med heimel i EB art. 18 om godkjenning av nasjonale vilkår for deltaking i balansemarknadene
- 21.11.2024: vedtak med heimel i CACM art. 20(2) om ein felles metode for kapasitetsberekning for døgn- og intradagmarknadene i Hansa
- 21.11.2024: vedtak med heimel i CACM art. 35(1) om koordinert spesialregulering og mothandel i Hansa
- 21.11.2024: vedtak med heimel i CACM art. 74 om fordeling av kostnader ved spesialregulering og mothandel i Norden



Reguleringsmyndigheten for energi

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Telefon: (+47) 22 95 95 95